

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Personal og økonomiutvalet  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 15.06.2006 **Tid:** 15.30 – 16.30

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 5 , inkl. varamenn:

**Andre som var tilstade på møtet:**

Administrasjonssjefen

**Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 19. juni 2006

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Jon Magne Bøgevik etterlyste på protokollen informasjonen frå ordførar om vidare arbeid med tunnel bak Ytre Tysse.

Protokollen vil verta retta opp i samsvar med denne merknaden.

**SKRIV OG MELDINGAR:**

- Det er kome førespurnad frå domsapparatet om ei presisering av kven som er vald som meddommar. Grunnen til dette er at det er to personar i Samnanger med namnet Svein Gjerde. Det er understreka at presiseringa må skje politisk.  
Det er Svein J Gjerde (f.nr.10.01.40 ) som er vald til meddommar frå Samnanger kommune.
- Ordførar har saman med personar frå kulturadm. og teknisk eining møtt representantar frå Samnanger idrettslag, fotballgruppa. Bakgrunnen for dette er klage over vedlikehaldet av bana noko som har medført at dei ikkje har fått bruke grasbana. Det er sett i bestilling ei enklare djuplufting av bana. Dette vert gjort i sommar slik at det ikkje vil hindra fotballgruppa sin bruk i haust. Fotballgruppa er ikkje tilfreds med det, og ber om at ordinær djuplufting (kr 80. – kr 100.000 pr. gang) vert utført i haust, evt. til våren 2007. Ordførar ønskjer å få til eit møte med idrettslaget der fleire av greinene er representert for å få avklara fordeling av ansvar m.m.  
Utvalet drøfta saka. Det var stor vilje til å løyva midlar til tiltak knytt til idrettsanlegget. Konklusjonen vart at sak om midlar til vedlikehald av idrettsanlegget vert handsama i første møte etter sommarferien.
- Førespurnad om redusert tilknytingsavgift for ny næringsverksemd vart drøfta. Administrasjonen ser nærare på kva praksis som har vore nytta siste åra, og ut frå det tek avgjerd i den konkrete saka.
- Administrasjonssjefen orienterte om arbeidet med ei avklaring om korleis me i framtida skal selja konsesjonskrafta vår. Kommunekasserar og adm.sjef har vore i møte med BKK og med Bergen Energi som har presentert sine opplegg. Me ønskjer og å få eit møte med Ishavskraft før det vert teke beslutning om kva miljø me skal knyta oss opp mot. BKK vil gjera jobben som tidlegare utan å ta honorar, Bergen Energi vil opptre som konsulentar mot eit avtalt honorar. Utvalet gav administrasjonen høve til å inngå avtale om hjelp med sal av konsesjonskraft.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0021/06	06/00267 <b>TARIFFREVISJONEN 2006 - URAVSTEMMING OVER RIKSMEKLINGSMANNEN SITT FORSLAG</b>

0021/06

**TARIFFREVISJONEN 2006 - URAVSTEMMING OVER  
RIKSMEKLINGSMANNEN SITT  
FORSLAG**

**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune stemmer ja i uravstemminga om Riksmeklingsmannen sitt forslag til løysing i tariffrevisjonen 2006.

**Handsaming i møte:**

Utvalet gjekk samrøystes inn for framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Samnanger kommune stemmer ja i uravstemminga om Riksmeklingsmannen sitt forslag til løysing i tariffrevisjonen 2006.